



Arkoconsult As
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/8796 - 23/910

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
04.01.2023

Foreløpig svar på søknad om dispensasjon, avstand VA-nett - gbnr 108/138 Lindås

Tiltak: Etablering av mur og støyskjerm
Byggjestad: Grønfjellet – GBNR 108/138
Tiltakshavar: Bolig og Eiendom AS
Ansvarleg søker: Arkoconsult AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 08.12.2022

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Før Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning kan ta stilling til søknad ber vi om at denne vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har kommunale leidningar over denne eigedomen.

Da det ikkje ligg føre korrekte innmålingsdata for leidningsnett, må De finne ut kor leidningsnett er lokalisert. Dette kan ein gjere ved å sende ei sonde gjennom avløpsrøyret. Leidningsnett må så leggest inn på kart saman med dei tiltaka som ein søker dispensasjon for. Avstandar mellom tiltaka og kommunale leidningar skal være vist på kartet.

Vi gjer merksam på at når ein søker om dispensasjon frå avstandskrav til offentlege leidningar, skal ein spørje om ei spesifikk avstand (minste avstand mellom tiltak og offentlig leidningsnett). Avstand skal være slik at kommunen kan nytte grovt maskinelt utstyr (som til dømes ei gravemaskin) for å vedlikehalde/skifte ut leidningsnett.

2. Det må sendast inn detaljteikningar i plan og profil for murer og andre tiltak som skal plasserast nærare kommunale leidningar enn avstandskrav gitt i regelverk. Det skal spesifiserast korleis ein har tenkt å fundamentere murer for å hindre at disse raser ut ved arbeid på kommunale leidningar.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922
00

3. Det skal ikkje etablerast tiltak over kommunale vass- og avløpsanlegg (jf. Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp pkt. 3.4).
Dersom det visar seg at murer m/parkeringsplass kjem over kommunale leidningar må tiltaket flyttast.

Vi gjer merksam på at ein kan søkje kommunen om løyve til å flytte kommunale leidningar. Søklar/tiltakshavar må ta kostnaden ved flyttinga.
Dersom det vert aktuelt å søkje om dette, skal ein legge ved nødvendig dokumentasjon (VA plan, detaljteikningar i plan og profil med meir). Dette for at kommunen skal kunne ta stilling til søknaden.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.02.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søklar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Byggesak v/sakshandsamar

Mottakarar:

Arkoconsult As

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSE
N